

KULTURPOSTEN

MAI 2017

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Nye tuskilt på plass i Risnes krins. På bildet er frå venstre Tore Villanger og Leiv Jordal.



RADØY
den grønne øya

Rullering av handlingsprogram i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Kommunedelplan for idrett friluftsliv og nærmiljø vart vedtatt i 2016. Denne planen legg føringar for kommunen sine satsingar innan idrett, friluftsliv og nærmiljø, og er i tillegg styrande for korleis kommunen skal prioritera innkomne søknader om spelemidlar.

Handlingsplanen skal rullerast årleg. I forkant av denne rulleringa ber me om innspel til handlingsplanen. Er det nye anlegg som bør inn i planen? Kva for anlegg bør prioriterast høgast? Er det andre tiltak, utanom utbygging av anlegg, som kommunen bør gjennomføra innan idrett, friluftsliv og nærmiljø?

Innspel til handlingsplanen kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no innan 15. juni.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø kan lesast her: <http://www.radoy.kommune.no/planar-og-styringsdokument-a-a.315712.nn.html>



Strandrydding

Tusen takk til alle som bidrog på strandryddedagen, og til alle som har plukka boss langs vegar, turstiar og strender også andre dagar.

Veging av avfallet viser at det i containeren på Manger var samla inn 1,8 tonn med boss berre på strandryddedagen. I tillegg står det bossekkar på holmer, i viker og på kaier fleire stader i Radøy som er i ferd med å verta henta.

Fleire hundre timar er lagt ned med bossplukking, men framleis er det mykje att. Me vil difor oppfordra alle til å ta eit tak med strandryddinga. Dei som ynskjer å bidra kan registrera seg på

http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding eller koma innom rådhuset, så kan me registrera dykk. På rådhuset får de også sekkar og hanskar som kan brukast til ryddinga.

De kan avtala levering av boss med NGIR, eller de kan levera bosset i containeren som er sett opp ved teltet til kommunen på Solendmyra på veg inn til NGIR sin gjenvinningsstasjon.



*Strandrydding i Syltaneset.
Foto: Veronica Myking*

KULTURPOSTEN MAI 2017

Nynorskdagane i Radøy

Radøy kommune skal arrangera nynorskdagar i veke 39 (25. september-1. oktober). I løpet av desse dagane skal me løfta fram nynorsk i kommunen gjennom fleire arrangement og tiltak. Nynorsdagane skal ha ei ekstra satsing på born og unge.

Har de arrangement som kan høva her? Ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post: bente.hervik@radoy.kommune.no.

Tilskotsordningar

Tilskot til arrangement under nynorskdagane

Radøy kommune skal arrangera nynorskdagar i veke 39. Målet med nynorskdagane er løfta fram nynorsken ut mot innbyggjarane i kommunen og blant dei tilsette i kommunen. Born og unge er eit satsingsområde for nynorsdagane.

Det er sett av 10 000 kroner som lag og organisasjonar kan søkja om til arrangement under nynorskdagane. Søknaden skal innehalda skildring av tiltaket, budsjett og finansieringsplan. Søknaden kan sendast postmottak@radoy.kommune.no eller Radøy kommune, Radøyvegen 1690,5936 Manger. Søknadsfrist er 15. mai.

BKK sosial energi

BKK ynskjer å støtta tiltak som skapar energi i BKK sine eigar- og/eller vertskommunar. Søknadsfrist er 19. mai. Les meir på: <https://www.bkk.no/sosialeenergi>

Kulturrådet

Norsk kulturråd har ei rekkje tilskotsordningar som gjeld heile kulturfeltet. Sjå oversikt over dei ulike tilskotsordningane og søknadsfrisar: <http://www.kulturradet.no/stotteordninger>

Representantar til nytt ungdomsråd

Det skal veljast nytt ungdomsråd. Lag og organisasjonar og andre kan koma med forslag til kandidatar som går på vidaregåande skule. Ungdomane må vera fødd 1999-2001.

Forslag med namn på kandidat og grunngeving kan sendast ungdomskoordinator Katarina Birkeland på e-post: katarina.birkeland@radoy.kommune.no innan mandag 5.juni.

